



## **INVITASJON!**

Vi er så glade for nok ein gong å kunne tilby GRATIS VOKALWORKSHOP for elevane som syng i kulturskulane i Valdres! I år som i fjor får vi besøk av Ingrid Eggen – eit fyrverkeri av sangglede og sangtekniske verktøy! Dette vil foregå laurdag 17. og søndag 18.november.



Ingrid har bakgrunn frå både klassisk og rytmisk musikk, har master i musikk- og ensembleleiing, treårig utdanning i Complete Vocal Technique (CVT) og rytmisk korleiing for å nemne noko. I tillegg til å halde kurs, vere instruktør for Alle kan syngje-kurs og å jobbe for Musikalfabrikken i Trondheim, er ho også freelance songar! Mykje kompetanse med andre ord, i kombinasjon med verdas beste latter!

Målet for helga er å leike oss med stemma, lære nye måtar å bruke stemma på, jobbe med pust og kropp, bli tryggare på å syngje fleirstemt og ikkje minst bli kjend med andre med same interesse og ha det hyggeleg i lag.

Vi har valt å dele inn slik at det meste av helga blir for alle elevane, medan ei økt på laurdag ettermiddag og ei økt på søndagsmorgonen blir det noko høgare nivå for nokre elevar som har gått i kulturskulen lengre og treng ei ekstra utfordring. Her vil Ingrid gå ekstra i djubda på sang- og pusteteknikk, samt syngje noko frå eit meir utfordrande repertoar.

Programmet for helga blir difor slik:

### **Laurdag 17.11.:**

10-14:30: Alle

14:30-16: Vidarekomande

### **Sundag 18.11.:**

10-12: Vidarekomande

12-14: Alle

14: Hentekonsert

Denne gongen vil vi vere i Nord-Aurdal kulturskule sine lokale på NABS, inngang på nedsida av bygget, under gymsalen. Vi ordnar litt kake og frukt desse dagane, men hugs ei god nistepakke og drikke. Behagelege klede er også å anbefale, då vi nok ikkje vil sitje stille heile dagen.

Vonar så mange som mogleg får det til å klaffe denne helga – vi gler oss!

Med trallande helsing frå Ingrid, Silje og Marita

**PS: Hugs påmelding til kulturskulelæraren din innan måndag 29.oktober!**